



Arkivnr: 2019/316-3  
Saksbehandlar: Sveinung Klyve

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		13.03.2019
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019
Fylkesutvalet		28.03.2019

### Regional plan for vassforvaltning - høyring av planprogram og hovudutfordringar for Hordaland og Sogn og Fjordane

#### Samandrag

Hovudmålet med vassforvaltningsplanen er å betre vassmiljøet der det er dårleg og å verne om vassmiljøet slik at det ikkje vert dårlegare. Gjeldande vassforvaltningsplan gjeld for 2016 -2021. Planen skal no oppdaterast og gjelde for 2022 – 2027. Dette dokumentet er eit høyringsforslag til planprogram for å oppdatere den regionale vassforvaltningsplanen med tilhøyrande tiltaksprogram. Vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland er planlagd slege saman frå 1.1.2020. Ny vassforvaltningsplan for 2022 – 2027 vil gjelde for Vestland vassregion. Vestland fylkeskommune vert vassregionstyresmakt når nye Vestland vassregion trer i kraft. Vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane har av den grunn laga eit felles planprogram for å oppdatere vassforvaltningsplanen for Vestland.

**Økonomi:** Kvar sektorstyresmakt (kommunar, fylkeskommunar, statlege etatar) har ansvar for å følgje opp planen innanfor sine ansvarsområde og eigne budsjett.

**Klima:** Planarbeidet har som mål å betre miljøtilstanden. Klimaendringar vert ein integrert del av planen og omtale av flaumrisiko og tiltak for å avgrense denne risikoen vert inkludert.

**Folkehelse:** Betre vassforvaltning vil gje større brukskvalitet av vatnet med meir fysisk aktivitet som bading, fiske og generelt friluftsliv som effekt.

**Regional planstrategi:** Den heilskaplege og samordna vassforvaltninga i Noreg byggjer på EUs vassdirektiv, som er gjennomført i den norske vassforskrifta frå 2007.

Planarbeidet vil ende opp i ein regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion for 2022-2027.

### Forslag til innstilling/vedtak

Fylgjande dokument vert sendt ut på høyring i perioden 1. april – 30. juni 2019:

1. Handlingsprogram 2019-2021 til Regional plan for vassforvaltning for Hordaland vassregion 2016-2021
2. Planprogram for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland for ny vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022 - 2027
3. Hovudutfordringar i Hordaland vassregion – planperiode 2022 -2027
4. Hovudutfordringar i Sogn og fjordane vassregion – planperiode 2022 -2027

Redaksjonelle ting vert oppdatert og nasjonale føringar vert arbeidd inn i eller fylgjer med dokumenta ved utlegginga 1.april 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 27.02.2019

### Historikk - tidlegare vedtak

Hordaland fylkesting vedtok Regional plan for vassforvaltning med tilhøyrande tiltaksprogram 2016 – 2021 8. desember 2015. Planen vart godkjent av Klima- og miljødepartementet i 2016. Hordaland fylkeskommune er vassregionstyresmakt for Hordaland vassregion.

Klima- og miljødepartementet har i brev 24.10.18 foreslått å slå saman vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland frå 1.1.2020.

Den gjeldande vassforvaltningsplanen for Hordaland gjeld for 2016 – 2021. Tilsvarande plan er utarbeidd for Sogn og Fjordane. Ulike statlege etatar, fylkeskommunen og kommunane arbeider med å følgje opp planen innanfor sine ansvarsområde.

Gjeldande vassforvaltningsplan for planperioden 2016 - 2021 skal reviderast og oppdaterast for perioden 2022 - 2027. Planområdet vert utvida til å dekke heile Hordaland og Sogn og Fjordane vassregion.

Formålet med planarbeidet er å sikre eit mest mogleg heilskapleg vern og ein berekraftig bruk av vassførekomstane. I følgje vassforskrifta skal det utarbeidast og vedtakast regionale vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram med sikte på å oppfylle miljømåla.

Den regionale vassforvaltningsplanen gjev miljømål for alt vatn i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. I tillegg inneheld planen oversikt over når miljømåla skal vere nådde. Tiltaks-programmet inneheld oversikt over forslag til tiltak for å beskytte vassmiljøet og for å nå miljømåla i vassregionen. Miljømål og forslag til tiltak er hovudinnhaldet i oppdateringa som no skal gjennomførast.

Eit oppdatert og forbetra kunnskapsgrunnlag vil liggje til grunn for revidering av vassforvaltningsplanen. Eit godt kunnskapsgrunnlag er viktig for å kunne gjere riktige og realistiske vurderingar av miljømål og tiltak. Målet er å verne om vassressursane samtidig som vi har ein berekraftig bruk av vatn på tvers av sektorar, forvaltningsnivå og ulike interessentar.

### Vassregionutvalet i Hordaland vedtok i møte 15.2.2019 at fylgjande dokument for Hordaland nemnd nedanfor vert sendt til politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune.

#### Nasjonale føringar:

Vassregionen har hatt kort tid på å utarbeida desse dokumenta fordi den nasjonale malen ikkje kom før i november 2018. Me er lovd nasjonale føringar for viktige tema som; vasskraft, fiskeoppdrett, landbruk, avløp, veg m.fl., men desse er enno ikkje komne frå departementa. Me ber difor om godkjenning til at desse vert lagt ved eller vert innarbeidd i dokumenta når dei ligg føre.

#### Handlingsprogram for gjeldande plan:

Det er utarbeidd eit høyringsutkast til handlingsprogram til regional plan for vassforvaltning 2016 -2021. Handlingsprogrammet vil gjelde for 2019 – 2021. Handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla i planen. Programmet viser kva for oppfølging planen krev og peikar ut ansvarleg organ og samarbeids-partnarar for å få gjennomført planen. Handlingsprogrammet er avgrensa til sjøve planprosessen for å sikre framdrift og samhandling og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet. Arbeidsfordelinga går fram av tabellen på side 5 – 6. Oppgåvene er ikkje lista etter prioritert rekkefølge.

#### Planprogram for vassregion Vestland:

Vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane er planlagt slege saman frå 1.1.2020 til Vestland vassregion. Ny oppdatert vassforvaltningsplan vil gjelde for Vestland vassregion.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har difor utarbeid eit felles utkast til planprogram for ein vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022-2027. Høyringsframlegget til planprogram skildrar planprosessen, forslag til organisering av arbeidet, kva utgreiingar vi foreslår å gjennomføre og behov for konsekvensutgreiing. Programmet syner forventingar til styresmakter som skal delta, og høvet for andre interessentar til å medverke med kunnskapen sin og synspunkta sine.

#### Hovudutfordringar i vassregion Hordaland:

Eit høyringsutkast til *Hovudutfordringar i Hordaland* er utarbeidd. Kunnskapsgrunnlaget og hovudutfordringar i vassregionen er summert opp i dette dokumentet

Hovudutfordringar i vassregionen inneheld ei oppdatert oversikt over miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak og er derfor viktig i prosessen fram mot oppdatert vassforvaltingsplan og tiltaksprogram. Ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane og prioriteringane, vil gi eit godt grunnlag for vidare samarbeid om forvaltingsplanen og tiltaksprogrammet. Datagrnnlaget er henta frå databasen Vann-nett.no der all informasjon om tilstanden, påverknadar, miljømål og tiltak er samla. Databasen vert oppdatert med ny kunnskap så snart denne ligg føre. Hordaland vassregion er delt inn i fem vassområde. Det er utarbeidd egne hovud-utfordringsdokument for vassområda Hardanger, Sunnhordland, Vest, Nordhordland og Voss-Osterfjorden. Desse er lagt som vedlegg til hovudutfordringar i vassregion Hordaland. Vassforskrifta § 28 set krav om at eit hovud-utfordringsdokument vert utarbeidd og sendt på høyring. Hovudutfordringsdokumenta for Sogn og Fjordane og Hordaland vert sendt på høyringa saman med planprogrammet.

**Naboområde:**

Møre- og Romsdal, Oppland, Buskerud, Telemark og Rogaland har mindre areal i Hordaland eller Sogn og Fjordane og må og gje fullmakt til å leggje dokumenta ut på høyring. Område i Voss renn ned i Nærøydalen til Aurland, og høgfjellsområde i Stølsheimen renn til Sognefjorden. Røldal i Hordaland enn inn i Rogaland vassregion, og områda langs ytre Hardangerfjorden renn inni Hordaland vassregion. Små delar av Haukelifjell, Hardangervidda og Finse grensar til Telemark og Buskerud fylke og ligg i vassregion Vest-Viken.